



Advokatfirma Mikkel Mundal AS
Hollendergaten 14
5017 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/3879 - 19/2540

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
28.01.2019

Avvist søknad om deling med rettleiing for vidare søknad - gbnr 10/16 Rødland

Administrativt vedtak. Saknr: 064/19

Søknadstype: Søknad om oppretting av ny grunneigedom, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m og 20-2, jf. § 20-4, bokstav d.

Saksutgreiing

Tiltak

Det vert vist til søknad motteken 27.12.2018 om frådeling av 4 bustadtomter.

Planstatus

Eigedommen som tomtene skal delast frå ligg innafor reguleringsplanen *Sjurneset*, Gnr. 10 bnr. 16 m fl.

Vegtilkomst

Avkjørsle frå offentleg veg til planområdet er sikra gjennom reguleringsplanen. Vegrett for nye tomter over andre eigedommar må dokumenterast.

Vassforsyning

må dokumenterast: kvalitet og mengde, også private rettar.

Avløp

Kravet er at utsleppsøyve etter forureiningsforskrifta skal ligga føre. Avtale om plassering av avløpsanlegg og leidningar på andre eigedommar må vera på plass.

Det må leggest fram ei løysing for vatn og avløp for heile planområdet. VA-rammeplanen som er lagt fram med reguleringsplanen viser 4 utsleppsleidningar frå området. Det må leggest opp til fellesanlegg med ein utsleppsleidning på sikt. Helst bør eit slikt anlegg prosjekterast og byggast før vidare bygging i planområdet. Minimumskravet for få dela frå tomtene er at fellesanlegg er vist i utsleppssøknad for dei 4 tomtene, slik at utsleppet utgjør første byggetrinn av fellesanlegget.

Avløpsanlegg med slamavskiljar skal inngå i kommunal slamtømmeordning. Det vil seia at tilkomstvegen skal ha nødvendig breidde, fri høgde og bæreevne for tømmebilen, normalt 8 tonn akseltrykk. Avstand til kjørbar bilveg skal ikkje vera lenger enn 100 meter og tanken kan ikkje liggja lågare enn 8 meter i forhold til kjørbar bilveg.

VURDERING:

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 5-4. Dette gjeld mellom anna følgjande tilhøve:

Vatn og avløp skal vera sikra etter plan- og bygningslova § 18-1.

Kommunen vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at søknaden kan takast til handsaming, jf. plan- og bygningslova § 21-2 og forskrift om byggesak § 5-4.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Kommunen oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av ny søknad.

Vedtak

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2, jf. forskrift om byggesak § 5-4 vert søknad om oppretting av 4 nye grunneigedommar frå gbnr 10/16, avvist.

Når søknaden er avvist vert saka avslutta.

Dersom du søker på nytt må du leggja ved fullstendig søknad i samsvar med regelverket sine krav til dokumentasjon.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Vidare sakshandsaming

Vi rår dykk til å starta med søknad om utsleppsløyve og innhenting av nødvendige privatrettslege samtykke, før de sender inn ny søknad om deling.

For vidare rettleiing kan de kontakta byggesaksvakta ved frammøte tysdag og torsdag mellom kl 9 og 15, på telefon 56375000 eller på e-post byggesak@lindas.kommune.no

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknadsskjema utslepp av avløpsvatn

Rettleiing til søknad om utsleppsløyve etter kapittel 12

Kopi til:

Jan Rune Hosøy	Heltveitvegen 9	5993	OSTEREIDET
Marit Hosøy Gialousis	Hosøyvegen 35	5993	OSTEREIDET
Randi Hosøy	Hosøyvegen 35	5993	OSTEREIDET
Øystein Hosøy	Hosøyvegen 31	5993	OSTEREIDET

Mottakarar:

Advokatfirma Mikkel Mundal AS	Hollendergaten 14	5017	BERGEN
-------------------------------	-------------------	------	--------